



Helse- og omsorgsdepartementet

Vår sakshandsamar:

Gunnar Steine

Innvalsnummer:

57 65 56 09

Dykkar ref.:

Vår ref: T1/1053/GST
/G21/&00

Dato 22.03.2012

MELDING OM VEDTAK

Sak 25/12 Høyringsbrev om revidert fastlegeforskrift

Formannskapet handsama saka i møte 21.03.2012 og gjorde fylgjande vedtak:

Framlegget til revidert fastlegeforskrift har mange gode visjonar, men kommunen er uroa for om det vil vera mogeleg å gjennomføra endringane i våre små distriktskommunar på grunn av rekrutteringsproblem, og det vil truleg ta lang tid å byggja opp naudsynte ressursar for å kunne fylla krava i forskrifta.

For å nå målsetningane i fastlegeforskrifta er det avgjerande at legetenesta vert styrka, og at legane tek meir del i det førebyggjande helsearbeidet og arbeid utover reine pasientkonsultasjonar. Dette føreset mellom anna god tilgang og fordeling av allmennlegar i alle delar av landet, også i distrikta.

Kommunen er oppteken av at utkastet til ny fastlegeforskrift ikkje må medføra auka byråkratisering til fortrensel for pasientretta arbeid.

Legane i småkommunane kan ikkje velje bort akutt hjelp på dagtid, sjukebesøk og belastande legevakter. Saman med svak nyrekruttering vil utkantkommunane kunne få ein forverra situasjon innan legetenesta fordi oppgåvene vert for omfattande for legane.

Dei legane kommunen har i dag vil ikkje inngå ny avtale med eit så omfattande personleg ansvar.

Detaljnivået i forskrifta synes å vera altfor stort. Framlegg om maksimum 2 min ventetid på telefon og 2 eller 5 dagar ventetid på legetime er ikkje gode tiltak. Kommunane må få handlingsrom til å tilpasse fastlegeordninga til lokale behov.

Kommunen er uroa for dei økonomiske verknadane for kommunane, og er imot å auka kommunane sitt finansieringsansvar.

Med helsing



Gunnar Steine

oppvekst- og omsorgssjef